



Statens vegvesen

NVE Postmottak

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
25/313612-2

Dykkar referanse:
202320330-179

Vår dato:
05.02.2026

Svar – høyring av tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal–Suldalsvassdraget

Vi viser til brev datert 03.11.2025.

Bakgrunn

NVE har gitt krav om tilleggsutgreiing for fagtema villrein til konsesjonssøknad for pumpe–kraftverka Novle 2, Røldal 2 og Kvanndal 2 i Røldal–Suldalsvassdraget. I utgreiinga vert kunnskap om villreinens arealbruk for Hardangervidda og Setesdal Ryfylke gjennomgått.

Statens vegvesen har utarbeidd reguleringsplan for ny trase på E134: Reguleringsplan for E134 Fylkesgrensa – Dyrskartunnelen. Planen vart vedtatt i 2019, og legg mellom anna til rette for tunnel mellom Liamyrane i Røldal og til Ulevåvatnet.

I sammendraget til NaturRestaureringsrapport nr: 2025-11-01 står det om Vestre vassdrag (Votna) mellom anna:

«Votna er et magasin der dagens reguleringshøyde på 45 m ikke endres, men planlagt pumpekraft kan gi vesentlig hurtigere vannstandsendringer enn for Holmavatn. Magasinet ligger også i et mer kupert terreng der det kan forventes større påvirkning enn for Holmavatn i form av sprekker og råker langs breddene. Vi har lagt til grunn at det trolig legger seg farbar is på store deler av magasinet gjennom vinteren, men at store vannstandsendringer gir soner med usikker is rundt magasinet.

Nærheten til E134 med stor trafikk og ferdsel utfra parkeringsområder både sommer og vinter betyr at områdets funksjonalitet som beite- og trekkområde for villrein er redusert. Ved tunnelføring vil funksjonaliteten styrkes, spesielt vinterstid, da vi forutsetter at gammel vei stenges. Av denne grunn blir virkninger av mindre farbar is over Votna relativt sett mer

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

negativ i en situasjon med tunnelføring, fordi vi forventer at nærliggende beiter og trekkpassasjer for rein da får en økt bruk.»

Statens vegvesens merknader i saka

I forhold til tilleggsutgreiinga er det området rundt vatnet Votna og E134 som er relevant for Statens vegvesen. Det er ein samanheng mellom villreininteresser, vatnet Votna og reguleringsplan for ny trase på E134. Gjennom at delar av dagens E134 vert erstatta med tunnel, opnar det seg ei moglegheit for ein ny trekktrase over Votna(vatnet). Vi viser særskilt til uttale til revisjonsdokument frå Villreinnemnda for Setesdalsområdet datert 30.10.2024.

Ved utarbeiding av reguleringsplanen var omsynet til villreinen eit sentralt tema. Lengd på tunnelen kjem ikkje som følgje av omsyn til villrein. Men lengd på og plassering av tunnelen opp mot ei viktig trekkroute gjer at den har potensiale til å få stor positiv effekt for villreininteressene. Av andre avbøtande tiltak for villrein knytt til reguleringsplanen er avgrensing av parkeringsmoglegheiter langs både gammal og ny E134. Vidare så er massedeponia utforma slik at dei ikkje i seg sjølv utgjer fysiske barrierar for trekk.

Eit av toppmåla til Statens vegvesen er å bidra til å oppfylle Norges klima- og miljømål. Norge har et internasjonalt særskilt ansvar for villrein. Vegar har betydelege negative effektar på villrein ved å fungere som barrierar som deler opp leveområde, forstyrrar trekkveier og fører til at reinen trekk vekk. Dette fører til redusert tilgang på beite, økt stress, og redusert overlevelse og reproduksjon.

Det vil difor vere ei klar anbefaling til NVE frå vår side at den moglegheita ny regulert tunnel på E134 mellom Ljamyrane og Ulevåvatnet opnar, for å betre trekkmoglegheiter og leveområde for villrein, vert følgt opp gjennom konsesjonen. Slik vi vurderer det vil det vere klart negativt å gje konsesjon til tiltak som er til hinder for at ny E134 får den positive effekten som den kan få for villreinen.

Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Villreinnemnda for Setesdalsområdet, Sandsvegen 122, 4230 SAND